A

Abc / -

Første lærebok for 1.klassingar, finst ikkje på morsmålet til quechua-indianarane.

Alpakka / -*en*

Klovdyr i slekt med lama, typisk husdyr/leveveg for Andesregionen. Årsinntekt for ein alpakkabonde varierer frå 1500-3000 kroner.

C

Cuzco / *quechua: "navle"*

Den gamle inkahovudstaden, 3200 moh (meter over havet)

Conquistador / -*en*

Namn på dei spanske erobrarane i Sør- og Mellom-Amerika på 1500 talet.

F

Fisk / -*en*

Interessant for Noreg å kjøpe frå Peru. (Sjå også O, olje)

Fiasko / -*en*

Det lærar Caceres opplevde då ho første gang underviste borna i prosjektet. Dei skjønte lite av kva ho sa. Ho vurderte å bytte jobb. (sjå S suksess)

G

Gull / -*et*

Ettertrakta edelt metall. Spanjolane tømte inkaene sine skattkammer for nærmare 12 tonn gull frå 1531 til 1535.

H

Høgdesjuke / -*a*

Det mange nordmenn får når dei for første gong besøkjer fjellskulane Hei Verden støttar. Svimmel, pustevanskar, allment ubehag.

I

Interkulturell/ -*t*

Ord for undervisning i Peru-prosjektet som tek utgangspunkt i elevens kultur og kvardagsliv. (Sjå S, suksess)

M

Machu Picchu/ -

Inkaenes "tapte by" på Unesco si verdsarv-liste. 400 000 turistar årleg, men nesten ingen quechua indianarar, fordi dei ikkje har råd til inngangsbilletten.

Morsmål/ -*et*

Det første språket/talemålet ein person lærer.

O

Olje / -*a*

Svart, biologisk masse med stor bruksverdi. Store funn i peruansk Amazonas. Mange konfliktar med urfolket og deira rettar. Også norske interesser, blant anna Oljefondet.

P

Pachacutec/ __

Slumområde utanfor Lima, ca 50 000 innbyggjarar, dei fleste med indianarbakgrunn.

Potet/ -*en*

Ja, kva hadde norsk landbruk vært utan? Finst 3900 sortar i Peru.

Q

Quechua/ _

Folkegruppe som stammar frå inkaene. Utgjer ca 50% av folket i Peru. Eige språk: quechua.

S

Suksess/ -*en*

Det lærer Valentin Campis opplevde med ny pedagogisk tilnærming. Ved å ta utgangspunkt i Quechuaenes årskalender, skikkar og tradisjonar, bruke foreldra sin kunnskap – steig læringsprosenten frå under 50 til 100.

T

Tulling/ -*en*

Sjølvkjensle som konsekvens av hånlatter, ukvemsord, alternativt det å bli oversett, ved oppsøking av for eksempel offentlige kontor. Oppstår som regel når ein alpakkabonde besøkjer byen

Ø

Ønske/ønskedraum/ -*en*

"Eg vil bli lærar. Eg skal fortelje historiene våre vidare!" Maria sin framtidsplan etter to år på ein av prosjektskulane.

Å

Åh / - *noko du kan seie....*

... når du ikkje får det til eller når noko verker håplaust, overraskande, meiningslaust, inkjevetta, fint, vakkert, utruleg, umogeleg, uovervinneleg, interessant, dritkjedeleg, vanskeleg og svært tungt eller kan hende når du er forelska i nokon og vil fortelje at du elskar han eller henne. Då kan du seie: Åh, som eg elskar deg, Toril (om ho heiter Toril, då). Kan hende ho heiter Maria eller ho er ein han og heiter Per. Kven veit?